

Dag nr 02/12-64

Jol

Joli er ei tidarvending: Soli snur og varslar vår.

Joli er ei Allheims hending: Gud steig inn i våre kår.

Himmel-drotten — i vårt kjøt — vart som barn i stallen fødd.

Englesong i nattestunder jubla ut det store under.

Kongestjerna fagert lyste vismenn fram den myrke natt,

til den vesle stall som hyste Jesus, Himlens dyre skatt.

Heimantfylgjet hans var med: engleherar steig her ned,

redde hyrdingar dei helsa med Guds fagnabod om frelsa.

Enno strålar Livsens stjerna over oss, frå pol til pol.

Syna veg ho vil so gjerna til vår Drott på Nådens stol.

Enno Herrens Sanningsord lyder kring den vide jord.

Bor om Jesus Fagnabodet til kvar sjæl som treng om nåde.

Sign då joli, kjære Frelsar, Du som «kjem og ser og vinn».

Gjev at me Deg audmjukt helsar. når me Deg i Ordet finn.

Gjer Du vår tilbeding sann, som hjå dei som fyrst Deg fann.

Må so mange fleir Deg finna. Ved din nåde Himlen vinna.

Johs. M. L. Rydland.